



Foto: Privat

Valde kvar si målform

Fleire byter målform i løpet av skulegangen. Herman (15) og Molly (12) fortel om sine erfaringar.

SIDE 14–15

Foto: Samlaget



Ein juledraum

Som 12-åring bestemte Herborg Kråkevik seg for å atskape Juleroser.

SIDE 16–17

Foto: Beate Ona Dahl / NTB



Skal forme ny opplæringslov

Det er ikkje lett å gjere noko med manglande digitale lærermiddel på nynorsk, ifølgje kunnskapsminister Tonje Brenna.

SIDE 8–9

Norsk Tidend

medlemsblad for Noregs Mållag

nr. 5

desember 2021

Kva no, kulturminister?

Anette Trettebergstuen (Ap) var svært kritisk då den nye språklova kom. Som kulturminister vil ho ikkje love omkamp.

Side 4–5



Kulturministeren tek godt tak i Ivar-bysta under Språkdagen i november.

Foto: Oda Malmin

Lytt til ungdomen

NT Vi har fått ei ny regjering, og Noregs Mållag har store forventningar til åra som kjem. Både kulturministeren og kunnskapsministeren uttalar seg i dette nummeret av *Norsk Tidend*.

NT Tonje Brenna er klar på at nynorsken skal fremjast og sikrast gode vilkår medan ho sit som kunnskapsminister. Ho vil samarbeide tett med kulturminister Anette Trettebergstuen, som forsikrar at ho vil følgje godt med på korleis den nye språklova vert etterlevd. Men nokon omkamp vil ikkje kulturministeren love enno.

NT Det er fint å få politikarane i tale, især når det er nye statsrådar på plass. Men vel så viktig er det å snakke med dei som vert påverka av politikken, og då særleg dei som ikkje vanlegvis har ei stemme i samfunnsdebatten.

NT I dette nummeret av *Norsk Tidend* kan de lese to lesarinlegg, frå Herman (15) og Molly (12), som går på skule i Alver kommune. Herman fortel om kvifor han har valt å halde på nynorsken som hovudmål, og Molly skriv om kvifor ho valde å byte til bokmål i 5. klasse.

NT Innlegga viser tydeleg at det ikkje alltid er så lett å vere nynorskbrukar, av fleire grunnar. Her har vi stadig ein jobb å gjere. For ordens skuld: Molly har sjølv sagt fått løyve til å skrive sin tekst på bokmål.

Med den nye opplæringslova har Støre-regjeringa, med kunnskapsminister Tonje Brenna i spissen, ei gyllen moglegheit til å vise at dei **tek nynorsk-elevane på alvor**, og det krev me at dei gjer.

Gje oss læremidla våre – utan etterhald!

– EG ELSKAR SPRÅKPOLITIKK. Det sa den nye kulturministeren vår, Anette Trettebergstuen, i helsinga si til Språkdagen 9. november. Ho gjorde det klårt at ho har ambisiøse mål for språkpolitikken, og at ho skal vere ein pådrivar for at heile regjeringa er medvitne ansvaret sitt og bidreg aktivt til å fylgje opp språklova på sine område. Til slutt sa ho at ho gledde seg til å jobbe tett med alle som tek språk på ramme alvor. Alt dette kling godt i øyra på oss som, ja, tek språk på ramme alvor.

DET ER IKKJE berre kulturministeren som gjev oss grunn til å ha høge forventningar framover. Då valresultatet var klart i september, jubla me over eit stortingsfleirtal for Ap, Sp og SV som alle gjekk til val på ein offensiv nynorskpolitikk, og som saman dekkjer alle hovudkrava frå Mållaget. Me har no eit meir nynorskvenleg fleirtal på Stortinget, og me forventar eit språkpolitiske taksksifte.

DEI SPRÅKPOLITISKE FORMULERINGANE i Hurdalsplattforma lovar også godt. Plattforma slår fast at nynorsk skal fremjast og sikrast gode vilkår, og regjeringa kjem med fleire gode nynorsktiltak. Dei vil mellom anna lovfeste retten til språkelt ungdomsskule, noko som allereie ligg i framlegget til opplæringslov frå Solberg-regjeringa. Med det kan me innkassere sigeren fullt og heilt: Nynorskelevene får ein heilt ny og avgjerande språkrett! Den nye regjeringa vil også sørge for betre språkopplæring for arbeidsinnvandrarar og for at norsk språk blir løfta fram i høgare utdanning og forsking.

SPRÅKPOLITIKK ER LANGT meir enn festtalar og fine formuleringar. Det krev vilje og handling, og ei av dei store styrkeprøvene for regjeringa i komande periode er den nye opplæringslova. Særleg viktig vert kampen for nynorske læremid-

NT LEIARTEIGEN



SYNNØVE MARIE SÆTRE
Fungerande leiar i Noregs Mållag

del. Hurdalsplattforma seier at regjeringa vil sikre at alle elevar får læremiddel på eiga målform, og i intervjuet med kunnskapsminister Tonje Brenna i dette nummeret av *Norsk Tidend*, uttalar ho at det er viktig for henne å sørge for at nynorsk får betre vilkår i skulen. Likevel er ho utydeleg på fleire viktige punkt, mellom anna om kravet til skriveprogrammet.

DAGENS LOVVERK STILLER ikkje krav til skriveprogram som vert brukte i undervisninga, og mange appar og program som vert nytta i undervisninga, står ikkje nynorsk. Skal ein lære seg språket sitt og bli trygg i det, er ein heilt avhengig av å bli eksponert for språket sitt. Skal ein lære seg nynorsk, nyttar det ikkje med læremiddel på bokmål. Det nyttar ikkje å få raude strekar under det ein skriv rett, berre fordi skriveprogrammet ikkje forstår nynorsk.

I FRAMLEGGET TIL ny opplæringslov ligg det inne eit krav om at skulane skal nytte skriveprogram som står både nynorsk og bokmål. Dette er ei betring frå dagens lovverk, men kravet kjem med eit etterhald: så langt det er mogeleg. Dette etterhaldet er svært problematisk, og det svekkjer kommunane og fylkeskommunane sitt høve til å stille krav i innkjøpsprosessar. Skal kunnskapsministeren sørge for at nynorsk får betre vilkår

Utgjeven av Noregs Mållag

Avisa blir redigert etter Redaktørplakaten.

Tilskrift: Lilletorget 1, 0184 OSLO

Redaktør: Anita Grønningsæter Digernes

I redaksjonen:

Hege Lothe, Erik Grov

Heimeside: www.nm.no

Abonnement: 250 kroner per år

Utforming: Audun Skjervøy, Språksmia AS
smia@spraksmia.no



Illustrasjon: Kjartan Helleve

i skulen, kan ho byrje med å stryke atterhaldet og levere ei opplæringslov som tek nynorskelevane på alvor.

DET ER PÅ høg tid med ei lov som er klinkande klår på at alle læremiddel som vert nytta i skulen, må finnast på nynorsk, slik at nynorskelevane får like god opplæring i språket sitt som bokmålselevane får. Me har venta lenge nok. I oktober markerte me at det er 50 år sidan dei fyrste store læremiddelaksjonane. Hundrevis av elevar var samla til aksjon i Øystese og Volda, og kravet er det same som for 50 år sidan: Me krev nynorske læremiddel no!

NÅR ME NO skal kjempe for viktige gjennomslag i opplæringslova, er det godt å skil med at me er mange bak krava og å kunne slå i bordet med at me er ein organisasjon i vekst, og ikkje så reint lite heller! Den 15. oktober bikkja medlemstalet 15 000, det høgste medlemstalet me har hatt sidan 1987. Det er berre å ynskje alle nye medlemer hjarteleg velkomme med på laget, og me har plass til mange fleire! To av dei ferskaste medlemene våre er dei nyfødde tilvillingane til leiar Peder. Med dei nye tilskota i heimen fylgjer det nokre månader permisjon for Peder, og i den tida er det eg som skal styre skuta. Då er det jammen godt å ha ein så sterk organisasjon i ryggen!

*Språkpolitikk er langt
meir enn festtalar og
fine formuleringar.
Det krev vilje og hand-
ling, og ei av dei store
styrkjeprøvene for
regjeringa i komande
periode er den nye
opplæringslova.*

NT SAGT

Vi kan vitse om alt. Men det er noe som er vanskeligere enn annet ... Jeg tror vi setter dyr på førsteplass, Johaug på andre, og Noregs Mållag havner vel på tredjeplace.

**Bård Tufte Johansen (52)
og Johan Golden (47) til Se og Hør**

VI BLIR DÅ IKKJE VELDIG SINTE FOR HELSIKE 😂😂😂😂!!!!!! 🤣🤣🤣

Peder Lofnes Hauge svarar Johansen og Golden på twitter

Eg er ikkje i slekt med Olav H. Hauge.

Peder Lofnes Hauge på twitter

Den eigentlege vinnaren av årets skuleval var Noregs Mållag.

Peder Lofnes Hauge på twitter

Det er ikke mye jeg skammer meg over, men DET skammer jeg meg over.

Erik Solbakken på Kåss til kvelds om at han ikkje har halde på halling-dialekta si

Om dette faktisk skjer, skal eg hogge ut andletet til Arnfinn Kolerud i ein fjellvegg!

Jens Kihl kommenterer utspelet om kongehuset

Eg ynskjer ikkje at alle skal elske nynorsk, men eg ynskjer at det skal bli respektert.

**Helene Astrid Hillestad Brennhovd,
9. klasse, Hemsedal**

Eg kan trygt seie at me ikkje i nærleiken har fått opplæringa me har hatt krav på.

**Helene Astrid Hillestad Brennhovd,
nynorskelev i 9. klasse, Hemsedal**

Eg er erkebergensar og har skrive bokmål heile mitt liv. Men no legg eg om til nynorsk! Kvifor ikkje, det er jo mykje vakrare enn bokmål! Innmeld i dag!

Vegar Lund på Facebook

Eg blei med ein feitlagelse booka til ein del nynorsk-events i begynnelsen av mi karriere, så då kjøpte eg ein CD med Kurt Foss og Reidar Bø for å lære meg litt nynorsk-sangar.

Bjørn Tomren i Stjernekamp

I skjønnlitteratur skal ein spele på alle verkemidla språket kan by på, det som står mellom linjene, klang og rytme. Det er ein heilt annan måte å uttrykkje seg på, og det gjorde eg best med nynorsk.

Carl Frode Tiller, forfattar

Offentleg støtte bør berre gis til lærerbøker som vert skrivne på nynorsk! Det vil sikra at parallelutgåver ligg føre til same tid. #språkdagen

**Øystein A. Vangsnes
på Twitter på Språkdagen**



FEKK KURS: 6. klasse ved Langeland skule på Stord fekk miljøjournalistkurs av Framtida Junior i november. Foto: Svein Olav B. Langåker

Rekord-interesse for nyhende på nynorsk

Norske ungdomsskuleelevar fekk 15 500 aviser på nynorsk.

I SAMBAND MED Nasjonal avisveke vart nynorskavisen *Framtida Junior* send ut i over 15 500 eksemplar, noko som er ny rekord.

– Det er veldig kjekt at så mange barn og unge får lese avis vårt, og veldig stas at me opplever rekordetterspurnad, seier Svein Olav B. Langåker, redaktør for *Framtida Junior*.

Gratis aviser

Nasjonal avisveke vert arrangert av Mediekompasset ved Mediestedriftenes Landsforening. Kvart år får skular over heile landet tilbod om gratis aviser og tilgang på gratis materiell for elevar på 4., 6. og 9. trinn. Dei siste åra har dei også fått tilbod om *Framtida Junior* til 6. trinn.

Miljø som tema

Framtida Junior hadde denne gongen laga ei miljøutgåve der elevane blant anna får lese om klimatoppmøtet i Glasgow og bli med på tokt til Arktis – i tillegg til at dei får eit klimaspel som er utvikla i lag med Miljøagentane på Stord.

Framtida Junior har òg utvikla eit miljøjournalistkurs for elevar frå 6. trinn, der elevar får opplæring i journalistikk og tips til miljøsaker. Kurset er støtta av Vestland fylkeskommune.

– Me har enno nokre plassar igjen, så viss det er nokon skular som vil ha besøk av oss, så er det berre å ta kontakt, seier Langåker i *Framtida Junior*.

NPK

Regjeringa har enno ikkje diskutert om dei vil skjerpe den nye språklova, seier kulturminister **Anette Trettebergstuen**.

Vil følgje med på ny lov

Kva no?

Anette Trettebergstuen (Ap), som i vår var første nestleiar for Stortings familie- og kulturkomite, var einig: Språklova gjekk ikkje langt nok i å sikre nynorsk.

– Når vi skal ha to likestilte skriftspråk, kan vi ikkje la marknadskreftene rå, og det offentlege må gå framfor å fremje nynorsk. No har vi fått ei språklov som ikkje har betre reglar enn den gamle mållova, og i tillegg blir tenesteplikta for statstilsette endra frå at «tilsette pliktar» å nytte nynorsk til at statsorgana «kan krevje» at dei gjer det. Då meiner eg heilt klart nynorsk blir svekt, sa ho.

Den nye føremålsparagrafen måtte bli følgt opp av konkrete reglar, meinte ho då. No er Ap-politikaren sjølv blitt kulturminister. Så kva skjer med språklova no?

Vil følgje med

– Vi meinte, til liks med mange organisasjonar, at språklova ikkje



Eg er brennande oppteken av norsk språk og språkpolitikk. Vi har eit språk som er truga frå mange hald.

*Anette Trettebergstuen,
kulturminister*



UVISST OM SPRÅKLOVA: Kulturminister Anette Trettebergstuen seier regjeringa enno ikkje har diskutert om dei vil skjerpe den nye språklova. Foto: Stian Lysberg Solum / NTB

gjekk langt nok i å sikre nynorsk, og vi fremja ein del skjerpa krav som vi ikkje fekk gjennomslag for i stortingsbehandlinga, seier kulturminister Trettebergstuen til Norsk Tidend.

Arbeidarpartiet kravde mellom anna at:

- ◆ kravet til nynorskkompetanse for tilsette i staten skulle vere slik det var i den gamle mållova
- ◆ organisasjonar framleis skal kunne klage på vegner av enkeltpersonar
- ◆ det må stillast krav til dei språknøytrale fylkeskommunane om bruk av nynorsk, av omsyn til nynorskbrukarane i dei fylka det gjaldt

- Står de fast ved dette?

– Det er ein av dei tinga vi må sjå på etter kvart. Vi har ikkje fått sett på det i regjeringen enno. Men

vi vil gjerne ha innspel frå mål- rørsla og andre.

Språklova er vedteken i Stortinget og gjeld frå og med 1. januar 2022. Ifølgje kulturministeren kjem ho til å følgje med på korleis lova vert etterlevd. Men regjeringa har enno ikkje diskutert om dei vil skjerpe lova.

Sanksjonar?

I dag har det ingen konsekvensar å bryte mållova, som ho heiter fram til nyttår. Om ein institusjon til dømes ikkje fyller krava for nynorskbruk, så skjer det ingen ting.

– *Ser du føre deg at det kan bli aktuelt med sanksjonar ved brot på den nye språklova, Trettebergstuen?*

– Arbeidarpartiet fremja eit forslag om at det skulle lagast ei utgreiing om dette. Vi må kome tilbake til det, men vi har ikkje gløymt det, forsikrar ho.

– *Du seier de ikkje har konkludert om språklova enno, at de må sjå på det. Kva er prosessen vidare no?*

– Vi er tre veker inne i arbeidet, og det er ikkje alle ting vi har fått til å løfte fram enno. Eg skal setje meg ned og sjå på det etter kvart, svarar kulturministeren.

Vil lytte

Trettebergstuen vil tenkje språk i alt ho gjer som kulturminister, uansett om det gjeld litteratur, media eller andre område. I tillegg vil ho samarbeide tett med kunnskapsminister Tonje Brenna, og lytte til Språkrådet.

– Språkrådet er jo blitt oversett ved mange tilfelle dei siste åra, som til dømes ved namneval, seier ho.

Her vil den nye språklova vere ei nyttig rettesnor, ifølgje Trettebergstuen.

– *Kva forhold har du sjølv til nynorsk?*

– Eg er glad i nynorsk. Eg var ikkje så glad i det då eg gjekk på skulen, må eg innrømme, men eg ser verdien av det no.

ANITA GRØNNINGSÆTER DIGERNES
anita.digernes@mm.no

Vi er tre veker inne i arbeidet, det er ikkje alle ting vi har fått til å løfte fram enno. Eg skal setje meg ned og sjå på språklova etter kvart.

**Anette Trettebergstuen,
kulturminister**

Heile regjeringa har eit ansvar, skriv Peder Lofnes Hauge, og løftar fram **11 konkrete tiltak** regjeringa kan setje i gang med raskt.

«11 tiltak regjeringa bør innføre for å favorisere nynorsken»

NOREGS MÅLLAG HAR omtalt den nye regjeringa til Støre som nynorskvenleg. Vi har store forventningar til korleis dei vil følgje opp både eigne program og felles plattform. På Hurdal blei dei samde om å fremje og sikre gode vilkår for nynorsk, og slik kan dei jamne ut det skeive tilhøvet mellom dei to offisielle skriftspråka.

Den største oppgåva får kulturminister Tonje Brenna (Ap) som i ny opplæringslov skal sikre nynorskelevane ein likeverdig digital skulekvardag som bokmålselevane.

Kulturminister Anette Trettebergstuen (Ap) skal setje den nye språklova ut i livet og sørge for at ho blir etterlevd. I valkampen signaliserte ho til og med vilje til å rydde opp i dei delane av lovteksten som Høgre herja med i vår.

Men alle skal med, også i språkpolitikken. Heile regjeringa har eit ansvar.

Her er 11 konkrete tiltak regjeringa kan setje i gang raskt. Desse vil samla føre til at heilt vanlege og høgst uvanlege folk får møte litt meir nynorsk i sine bokmålsdominerte kvardagar.

Slik kan regjeringa fremje nynorsken – og gjere det enklare å vere nynorskbrukar.

1: Følg eigne språkreglar

Staten er full av leiarar som i fleire tiår har gitt blaffen i mållova. Dette er til sjunde og sist eit politisk ansvar. Dei nye statsrådane må sørge for at eige departement og underliggende etatar ikkje lenger gjer seg til kveltringar.

2: Skjerp språklova

Regjeringa kan enkelt plukke bort Høgre sine gjennomslag i den nye språklova. Tilsette i staten må framleis mestre nynorsk, og fylka må få strengare og talfesta nynorskkrav. Og når ein er i gang: Kvifor i alle dagar er ikkje den administrative delen av Slottet og Stortinget ein del av lova?

3: 50 prosent nynorsk

Statlege nettstader bør veksle 50/50 mellom nynorsk og bokmål. I påvente av dette bør alle



GRENSELAUS MÅLKAMP: Berre fantasien set grenser for korleis vi kan fremje nynorsk, meiner Peder Lofnes Hauge, som no har permisjon frå vernet som mållagsleiar.

Foto: Noregs Mållag

statlege nettsider som finst i parallelutgåve, ha nynorsk som standardval. Dei som vil ha informasjon på bokmål, kan aktivt velje det sjølv.

4: Opplæring av lærarar

Lærarstudentar må få opplæring og bli prøvd i nynorsk. Det må stå på vitnemålet deira om dei har kompetanse til å kunne drive opplæring i og på nynorsk i skulen.

5: Meir nynorsk på TV 2

Som kommersiell allmennkringkastar må TV 2 få strengare

nynorskkrav på seg, særleg på nett. Staten må følgje opp språkarbeidet i NRK og TV 2 betre. Ikkje å oppfylle språkoppdraget må få konsekvensar for overføringane.

6: Forbod = mindre støtte

Den statlege støtta til riksavisar må reflektere offisiell norsk språkpolitikk. Dagbladet får ikkje direkte pressestøtte, men momsfritak for papiravisproduksjon. Denne støtta må reduserast så lenge dei har forbod mot nynorsk på redaksjonell plass.

Desse 11 tiltaka vil samla føre til at heilt vanlege og høgst uvanlege folk får møte litt meir nynorsk i sine bokmålsdominerte kvardagar.

7: Rett til norskopplæring

EØS-borgarar som arbeider i Noreg, må få rett til norskopplæring. I nynorskområde skal dette sjølvsagt skje på nynorsk.

8: Teksting på nynorsk

Med dagens teknologi er det ingen problem at alle filmar har tekst på både nynorsk og bokmål, difor bør alle filmar parallelttekstast. Finn fram popcornet og la publikum møte nynorske undertekstar.

9: Ekstrapoeng

Det bør löne seg å velje nynorsk. Opptakssystemet til høgare utdanning har i lang tid blitt brukt til å nå ulike politiske mål. Med ekstrapoeng for nynorskelevar kan ein bidra til at nynorskelevane held på språket sitt og ikkje byter hovudmål av taktiske årsaker.

10: Lover på nynorsk

Nye lovtekstar bør skrivast på nynorsk til vi når styresmaktenes eigne mål for nynorskdelene av lover, forskrifter og andre styringsdokument.

11: Offentlege innkjøp

Innkjøpspolitikk er språkpolitikk, difor må nynorsk alltid vere med i alle krav til offentlege innkjøp. Berre slik kan stat, fylke og kommune stille tydelege nok krav når dei kjøper inn alt frå store nye digitale løysingar til skiltmalar.

Lista er ikkje uttømmande. Berre fantasien set grenser.

Arbeidarpartiet har merka seg at vanlege folk også skriv nynorsk – og har dei siste åra vore mellom dei tydelegaste partia for nynorsk. Med makt og mynde kan dei no setje i gang ei rekke asymmetriske tiltak som favoriserer nynorsk.

Slik kan dei jamne ut tilhøvet mellom nynorsk og bokmål i eit samfunn som alt for lenge har favorisert bokmålet.

PEDER LOFNES HAUGE
Mållagsleiar i permisjon

INGER JOHANNE RUSET

Leiar i Kringkastingsringen



Den viktige barndommen

KVAR DAG KLOKKA 18 kom den kjende og kjære barne-TV-introen, og eg sat klar, med høge forventningar til ein halvtimes innhald som snakka til meg. Den daglege halvtimen med frivillig underhaldning forma meg fram til midten av 90-talet.

MINE FØRSTE TV-MINNE er frå «Atte Katte Noa» med rogalendingen Per Inge Torkildsen og «Portveien 2» med trønderen Eli Rygg. Eg elsa teikneserien «Dyra i Hjorteparken» som var dubba til ei herleg blanding av bokmål og nynorsk. Eg digga spenningsserien «Mysteriet med det levende lik», ein fantastisk nordisk samproduksjon kor det blei snakka både svensk, norsk, dansk og finlandssvensk – og eg forstod alt. Det same gjaldt «Myggen», ein annan nordisk samproduksjon med programleiarar frå dei ulike landa. Favoritten var likevel serien «Gaute og Gullit», om ein kul jamaldring på ein gard i Sogn og Fjordane. Storesøstera hadde ei t-skjorte der det stod *Nynorsk er tøft* i graffiti-bokstavar. Det synst eg var tøft.

ETTER NOKRE ÅR blei eg likevel fanga av dei amerikanske komiseriane på TVNorge og TV2. Eg må ærleg innrømme at eg framleis primært vel engelsk-språkleg underhaldning. Likevel trur eg NRK Barne-TV skal ha mykje av æra for at eg aldri sluttat å skrive nynorsk, snakke dialekt, eller å vere stolt av bygda og kulturen eg kjem frå.

DAGENS NRK SUPER har ikkje endra tilnærming, men kanskje heller blitt endå flinkare enn før i å bygge forståing og identitet blant barn og unge i Noreg. Produksjonane for dei mellom 2-14 år er av høg kvalitet, og dekkjer eit vidt spekter av område – frå enkel humor til nyhetsraportasjar om alvorlege tema. Over heile linja kjem det tydeleg fram korleis NRK Super tenker språk i alle ledd. Redaksjonen har dessutan ein godt innarbeidd språkplakat. – *Språk kan bidra til å bygge opp eller dra ned mennesker*, står det der. Det viser at dei tek sitt språklege oppdrag på høgaste alvor.

28. OKTOBER HELDT NRK Super ein fyldig presentasjon til Kringkastingsrådet, blant anna om det pågåande språkarbeidet. Medlemmane i rådet viste nasegrus beundring over kva redaksjonen har fått til dei siste åra, noko vi i Kringkastingsringen stiller oss bak.

VI SER AT NRK Super går att i leiinga av NRK-redaksjonar som har høgast nynorskprosent, og det i tillegg til å leve svært god underhaldning, formidling og nyvinning. Det er berre å gje NRK Super ein skikkeleg klapp på skuldra, anerkjennande nik, og ei oppmoding om ganske enkelt å halde kursen.



FEKK PRIS: Ål-ordførar Solveig Vestenfor (heilt til venstre) og kultursjef Hilde Bjørnsvik tok imot prisen som Årets nynorskkommune av statssekretær Oddmund Hoel (nummer to fra høgre) mandag 22. november.

Foto: John Erik Lindgren/Språkrådet

Ål er årets nynorskkommune

Språkrådet har kåra Ål kommune i Hallingdal til årets nynorskkommune.

PRISEN ER PÅ 100 000 kroner og går til ein kommune som gjer eit godt og medvite arbeid for nynorsken. I år var fire kandidatar med på opplopssida – Ål, Herøy, Kvinnherad og Stad. Og til sist var det altså Ål som trekte det lengste strået.

Prisen blei delt ut av kultur- og likestillingsminister Anette Trettebergstuen på Litteraturhuset i Oslo mandag.

Unikt resultat

Juryen har særleg latt seg impone av Ål kommunens medvitne bruk av nynorsk i kultur- og

næringsliv. Ål har dessutan alt på stell, med målbruksplan og språkmålsetjingar i planverk og strategidokument, og arbeider systematisk med næringsliv, kulturliv, skule, barnehage og kommuneadministrasjon for å styrke nynorsk som brukspråk.

Og tiltaka gjev resultat: Meir enn 70 prosent av ungdomane i kommunen vel å halde fram med nynorsk på ungdomsskulen. Det er unikt i Hallingdal, står det i grunngjevinga frå juryen.

Ikkje sjølv sagt språkval

Ål ligg i eit område der nynorsk ikkje er eit sjølv sagt språkval. Difor er det ekstra viktig at kommunen legg til rette for at innbyggjarane skal få møte og bruke nynorsk, meiner juryen. I Viken har tre av i alt 51 kommunar nynorsk målvedtak.

– I ei tid der reformer, stor-

driftsfordelar og interkommunalt samarbeid er fyndord, er det viktigare enn nokon gong for ein kommune som Ål å styrke lokal-samfunnet gjennom felles språk, historie og identitet. Elles kan Ål som randområde for nynorsk skriftspråk drukne i møte med fylket og nabokommunane, seier juryleiar og seksjonssjef i Språkrådet, Margrethe Kvarenes.

Årleg pris sidan 2009

Kulturdepartementet og Språkrådet har kåra årets nynorskkommune kvart år sidan 2009. Dei siste fem åra har Voss, Ålesund, Vinje, Sveio og Time fått prisen.

I 2021 har juryen sett spesielt etter kommunar og fylkeskommunar som har gjort ein ekstra innsats for å skaffe nynorske lærermiddel og læringsressursar til skulelevane sine.

NPK

Får endeleg referere på nynorsk i Nordisk råd

Tidlegare har ein berre fått referere innlegg i Nordisk råd på bokmål.

– Det er viktig for nabolanda våre å vere klar over at vi har to likeverdige målformer, seier stortingsrepresentant og delegasjonsmedlem til Nordisk råd, **Liv Kari Eskeland** (H).

– Eg vart svært overraska då eg på veg til møtet i København

fekk vite at innlegg som vert presenterte på nynorsk, ikkje får bli refererte på same målform, seier Eskeland.

Det var nemleg ikkje nokon tydeleg grunn til at det skulle vere slik, sidan fleire av referentane skriv godt nynorsk.

Språk og språkforståing på tvers av landegrensene vart vektlagt av fleire under desse dagane.

Det vart òg tatt opp av dronning Margrethe i ein tale under ei mottaking.

På den andre dagen av møtet viste det seg at problemet var løyst. Ingjerd Lindeland, ein av referentane, kunne overlevere dei gode nyheitene til Eskeland om at dei hadde fått løvye til å referere møtet på nynorsk.

NPK

STYRKJER RETTANE: – At det no er foreslått at også digitale skriveprogram skal finnast på begge skriftspråk, så langt råd er, er i realiteten ei styrking av rettane til elevane, meiner kunnskapsminister Tonje Brenna (Ap).

Foto: Beate Oma Dahle / NTB

Kunnskapsminister **Tonje Brenna** (Ap) forstår at manglande digitale læremiddel på nynorsk kan vere frustrerande. Men det er ikkje lett å gjere noko med problemet, seier ho.



Ja til nynorsk – «Så la

– Å SØRGE FOR at nynorsk skal få betre vilkår i den norske skulen, både som hovudmål og sidemål, er viktig for meg.

Det seier Arbeidspartiets nyslætte kunnskapsminister, Tonje Brenna, til *Norsk Tidend*.

Ei ny opplæringslov er på trappene. Den førre regjeringa sende lova på høyring rett over sommaren i år, og fristen for å sende inn innspel er 20. desember 2021.

Støttar nynorskklassar

Då tidlegare kunnskapsminister Guri Melby (V) la fram den nye opplæringslova i august, jubla Mållaget for den største sigeren for nynorskelevane på nesten 50 år: Rett til opplæring på eige språk ut heile grunnskulen.

– Støttar du dette, Tonje Brenna, og vil regjeringa løyve pengar til dette?

– I Hurdalsplattforma er vi tydelege på at vi ynskjer at nynorskelevar som bur i språkdelte område, skal ha rett til å halde fram i eigne nynorskklasser på ungdomstrinnet, svarar Brenna.

– Det er viktig og riktig at elevar som har nynorsk som skriftspråk på barneskulen, kan halde fram med dette på ungdomsskulen.

– Ikkje lett å gjere noko med

I dag vert det i stor grad brukt digitale læremiddel i skulen, og desse finst sjeldan på nynorsk. Det fører mellom anna til at nynorskelevar får raude strekar under ord dei skriv rett.

– Eg forstår godt at dette er frustrerande for elevane, og eg er heilt samd i at dette er uheldig, seier Brenna.

Men at det er uheldig tyder likevel ikkje at det er lett å gjere noko med det, meiner kunnskapsministeren.

– Skriveprogram er ofte ikkje utvikla for skulen åleine, men er kontorverktøy som ofte er i bruk i heile kommunen. I forslaget til ny opplæringslov som er ute på høyring, er det foreslått at skular skal ha skriveprogram som støttar begge målformer, så langt som råd er.

– Kva tenker du om at ein legg inn eit etterhald her?

– Det opplæringslovutvalet har peika på, er at det kan oppstå ein del praktiske utfordringar viss vi skal ha eit absolutt krav om at skriveprogram skal finnast på begge skriftspråk. Det er viktig at skulane har ein viss fleksibilitet i kva ressursar dei bruker, og det er mange andre omsyn dei skal ta når dei skal tilpasse opplæringa, meiner Brenna.

Noregs Mållag reagerer på etterhaldet – «så langt råd er» – i sitt høyringsinnspel til den nye opplæringslova, og foreslår at det blir fjerna. Om det vil skje, vil ikkje den nye kunnskapsministeren svare på enno.

– I Hurdalsplattforma har vi sagt at nynorsk og bokmål skal vere likestilte målformer, og som det minst brukte skriftspråket skal nynorsk fremjast og sikrast gode vilkår. Her må kulturministeren og eg samarbeide godt, seier ho.

– Lova er allereie tydeleg på at alle elevar har rett på læremiddel på sitt eige skriftspråk. At det no er foreslått at også skriveprogram skal finnast på begge skriftspråk, så langt råd er, er i realiteten ei styrking av rettane til elevane. Om vi kjem til å

behalde etterhaldet eller ikkje, må eg kome tilbake til.

Viser til forbrukarmarkt

Denne hausten har vi markert 50 år sidan den første store læremiddeldelaksjonen, der elevar over heile landet streika for å få læremiddel

At det no er foreslått at også skriveprogram skal finnast på begge skriftspråk, så langt råd er, er i realiteten ei styrking.

*Tonje Brenna,
kunnskapsminister*



ngt råd er»

på nynorsk og bokmål samtidig, og til same pris. Dette vart lovfesta i 1974, men framleis må mange elevar vente på nynorske lærebøker.

I førre utgåve av *Norsk Tidend* peika forlaga mellom anna på at den politiske behandlinga av læreplanar ofte dreg ut i tid, og at forlaga derfor får for lite tid på seg til å leve bøker. Dette vart avvist av dåverande statssekretær i Kunnskapsdepartementet, Anja Johansen (V). Ifølgje henne ligg situasjonen til rette for at forlaga kan oppfylle lovkravet.

– Det verkar som alle peikar på kvarandre, og vi kjem ingen veg. Kva vil du gjere med dette?

– Slik eg forstår det, handlar dette mykje om at forlaga produserer læremidla på bokmål først, og så omset dei læremidla til nynorsk. At dei nynorske læremidla blir forseinka, er uheldig og kan bidra til at det er vanskelegare å oppfylle retten elevane har til å velje læremiddel på sitt eige skriftspråk. Kunnskapsdepartementet har teke opp dette med forlaga fleire gongar, men vi kan ikkje påleggje dei å endre produksjonsprosessane sine, svarar Brenna.

Ho meiner skuleeigarar må bruke

forbrukarmakta si og ikkje kjøpe inn læremiddel som bryt lova.

– Det er òg mogleg for kommunar og fylkeskommunar å stille krav i anbodsprosessane om at dei ikkje vil kjøpe nynorske læremiddel der som dei ikkje kan få dei på same tid som læremidla på bokmål.

Under press

– Kva vil du seie til nynorskelevar som føler at nynorsken vert nedprioritert i skulen?

– Slik skal det ikkje vere. For regjeringsa er det viktig at nynorsk og bokmål er likestilte skriftsspråk, svarar Brenna.

Ho opplyser at ho er medlem av Noregs Mållag, og at ho er grunnleggjande engasjert i språk.

– Norsk er eit lite språk, og er under press generelt. For nynorskelevar er det særleg vanskeleg at dei er i mindretal i mange samanhengar og i mange kommunar, seier Brenna.

Alle kan lese opplæringslova og finne lenkje til høyringa på www.regeringa.no. Mållagets høyningsinnspel ligg på nettsidene våre.

ANITA GRØNNINGSÆTER DIGERNES
anita.digernes@nm.no

Viktige vedtak i Vestland

Eit samrøystes hovudutval for opplæring og kompetanse i Vestland fylke fatta viktige vedtak for nynorsken og nynorsk-elevane i oktober.

UTVALET, SOM HADDE møte 6. oktober, presenterte fleire nynorskvedtak:

- ◆ Dei bad fylkesdirektøren setje i gang arbeidet med målbruksplan for Vestland fylkeskommune. I tillegg bad utvalet om at det vert gjennomført vidare kartlegging av korleis elevar og tilsette møter nynorsk i skulekvardagen.
- ◆ Utvalet bad om at målbruksplanen inneholder retningslinjer og tiltak for å oppfylle opplæringslova paragraf 9-4, som gir elevar og lærlingar same retten til lærebøker og læremiddel på nynorsk som på bokmål. Dette bør òg omfatne digitale læremiddel, meinte utvalet.
- ◆ Utvalet tilrådde at tilsette ved vidaregåande skular og rettleiingstenestene jamleg blir tilbydde kurs i nynorsk.
- ◆ Utvalet bad fylkesdirektøren syte for at tilsette, elevar og lærlingar i fylket har tilgang på kontorstøttesystemet på nynorsk.

Svart på kvitt

– Det er veldig bra at fylkeskommunen tek innover seg at det heller ikkje i Vestland er like lett å vere nynorskbrukar som det bør vere, seier leiar i Noregs Mållag, Peder Lofnes Hauge.

– Dei skriv svart på kvitt i saksutgreininga at mangelen på nynorske læremiddel fører til språkskifte frå nynorsk til bokmål. Det er svært alvorleg.

Avsnittet frå saksutgreininga som Hauge viser til, er dette:

Kor mange elevar som byter målform når dei startar i vidaregåande skule er det ikkje statistikk på, men fleire skular peikar på at

der læremiddel kjem ut på bokmål lenge før nynorskutgåve, vel nokre elevar å bytte målform frå nynorsk til bokmål. Dette kan skje på alle trinn.

Ventar og ventar

Ved Odda vidaregåande skule er målformene nokolunde jamt fordelt mellom elevane. Ifølgje rektor Geir Tveit Rønning kan det variere litt frå år til år. Framleis ventar dei på somme nynorske læremiddel.

– Forlaga produserer alt på bokmål, og så må vi vente. Det gjeld ikkje berre bøkene, men også det digitale. Om vi får det på nynorsk i det heile tatt, seier han til *Norsk Tidend*.

– Ventar de framleis på skulebøker på nynorsk?

– Vi ventar med å bestille til vi veit at bøkene er ferdige. Så får lærarane bestemme sjølv om dei vil ha digitale eller vanlege bøker. Dei fleste vel fysiske bøker.

– Men kva gjør lærarane medan dei ventar på nynorskbøkene?

– Han smiler, litt oppgitt.

– Dei brukar gamle bøker, klipper og limer. Vi har læreplanmåla, det er dei vi styrer etter. Men det skaper ein del ekstraarbeid for lærarane.

Fint med plan, men...

På spørsmål om kva han tenker om nynorskvedtaka Vestland fylke skal arbeide med framover, svarar rektoren:

– Dei må gjerne lage ein plan, men det viktigaste er at dei som produserer, følgjer det opp.

Peder Lofnes Hauge, mållagsleiar som no er i permisjon, tykkjer det er viktig at Vestland som skuleeigar no tek grep for å betre situasjonen for elevane, også digitalt. Det er eit viktig signal å sende til nasjonale styresmakter, som no skal revidere opplæringslova.

– Utfordringane for nynorsk-elevane blir større etter kvart som skulekvardagen blir meir digital. Lova må sikre at nynorskelevarne får den same retten til og tilgangen på digitale verktøy og læremiddel som bokmålselevane, seier Hauge.

ANITA GRØNNINGSÆTER DIGERNES
anita.digernes@nm.no

Dei må gjerne lage ein plan, men det viktigaste er at dei som produserer læremidla, følgjer det opp.

Geir Tveit Rønning, rektor ved Odda vidaregåande skule

TAKK!

nm.no/bli-medlem

15000



Nye leiatarar i LNK

I september fekk Landssamslutninga av nynorsk-kommunar (LNK) ny styreleiari og ny dagleg leiari.

– EG GLER meg til å jobbe saman for å gjere LNK endå meir relevant for medlemmene våre, sa Sara Hamre Sekkingstad i ei pressemelding, då det vart kjent at ho er organisasjonens nye styreleiari.

Ho vart vald under landstinget til LNK på Stord. Ho tek over etter Solfrid Borge, som har vore styreleiari dei siste 16 åra.

Organisasjonen har om lag 100 medlemmer i dag.

Vil løfte nynorsken

Frå nyttår får LNK også ny dagleg leiari. Svein Olav B. Langåker tek over etter Vidar Høviskeland, då sistnemnde skal gå av med pensjon. Langåker er i dag redaktør i Framtida.no.

– Eg ser fram til å jobbe med styret og andre gode samarbeids-partnarar for å utvikle nye prosjekt og satsingar som kan løfte nynorsk arbeidet i barnehage, skule, kultur, forvalting og på andre område, sa han til Nynorsk pressekontor i september.

Ny kontaktflate

Høviskeland har leia LNK i 24 år. Han kjenner seg heldig som har fått vere med på å utvikle LNK fram til i dag.

– Det har vore ei veldig spennande og interessant tid, seier han til Norsk Tidend.

Han tok over organisasjonen då bruk av internett skaut fart her til lands, og han har vore oppte-



NYE I TOPPEN: Ny dagleg leiari Svein Olav B. Langåker og ny styreleiari Sara Hamre Sekkingstad fekk blomar under landstinget til LNK i september.

Foto: Synnøve Marie Sætre

ken av å jobbe med språk og teknologi. Ifølgje Høviskeland vart LNK ein annan type organisasjon etter opprettigna av Framtida.no i 2010.

– Tidlegare hadde vi hatt kontakt med rådmenn og ordførarar, men med Framtida fekk vi ei ny kontaktflate inn mot medlem-

mene våre. Det gjorde at vi vart knytt nærmare saman, seier han.

Rullar og går

Høviskeland trur ikkje at alle såg føre seg at LNK skulle vare i 30 år. No er det to år til jubileum.

– Det er alltid vanskeleg å få ein organisasjon til å rulle av seg

sjølv, men eg føler vi er komne dit no. Det har vore eit mål heile vegen, at vi skal utvikle oss.

Han er svært nøgd med arvtakar Svein Olav B. Langåker.

– Eg trur han har akkurat dei kvalitetane som skal til for å utvikle LNK på ein god måte.

NPK / ANITA GRØNNINGSÆTER DIGERNES

Nytt rekordår for Mållaget

15. oktober passerte Noregs Mållag **15 000 medlemmar**. – Utruleg kjekt!

ALT I AUGUST passerte Mållaget fjorårets rekordår med 14 104 beta-lande medlemmar. Då denne utgåva av Norsk Tidend gjekk i trykken, hadde vi kome opp i 15 222. Det er det høgste medlemstalet organisasjonen har hatt sidan 1987.

– Dette er utruleg kjekt! Med eit rekordstort Noregs Mållag i ryggen

ligg alt til rette for viktige gjennomslag for nynorsken i åra som kjem, sa mållagsleiari Peder Lofnes Hauge i oktober.

F**K nynorsk

I løpet av valkampen meldte femten hundre nye medlemmar seg inn i Mållaget som ein reaksjon på åtaket på nynorsk frå Framstegspartiet sin ungdomsorganisasjon. Men organisasjonen veks jamt og trutt heile året – og i heile landet.

– Vi har jobba systematisk med rekryttering, og med så mange nye medlemmar i heile Noreg viser det at vi ikkje berre er ein interesseorganisasjon for nynorsken og nynorsk-

brukarane, men ei brei folkerørsle for heile landet, seier Hauge.

Ei ny tid

Hauge opplever at både nynorsken og Mållaget har vind i segla for tida.

– Den urbane motstanden mot nynorsk døyr ut, og det nye er å melde seg inn i Mållaget. Vi har plass til fleire. Dess fleire vi er, dess større musklar har vi i møte med lokale og nasjonale styresmakter. Det merka vi då vi nyleg fekk utvida retten til å gå i eigen nynorskklasse ut ungdomsskulen, som er ein stor siger for nynorskelevane.

ANITA GRØNNINGSÆTER DIGERNES
anita.digernes@nm.no

FAKTA

NT 1987: 15 431

NT 1991: 13 222

NT 2001: 10 883

NT 2011: 10 433

NT 2018: 13 050

NT 2019: 13 581

NT 2020: 14 104

NT 2021, per 24. november: 15 222

Nynorskfestival feira 15 år

Verdas største nynorske barnebokfestival har runda **femten år**.

– Vi vil ta litteraturen med ut til folk, seier festivalleiaren.

– DET HEILE STARTA med ei framsyning som Rune Belsvik laga ein gong i tida, der han fann ut at han ville feire litteraturen i regionen her. Då oppstod ideen om ein nynorsk barnebokfestival.

Det fortel Roald Kaldestad, festivaliar for Falturiltu som gjekk av stabelen 5.–12. november i år. Det var far hans, Per Olav Kaldestad, som var ein av initiativtakarane for femten år sidan.

Ein kongstanke

Målet med festivalen er å setje sørkjelys på alle dei gode bøkene som kjem ut, ifølgje Kaldestad.

– Det har knapt vore meldingar av barnebøker i pressa dei siste åra, det er eit sorgjeleg kapittel. Så jobben vår er endå viktigare no. Vi vil løfte fram alt det gode som kjem, for mykje er av høg kvalitet.

– Korleis gjer de det?

– Kongstanken bak festivalen er at vi skal prøve å formidle litteratur på arenaer der han ikkje er til vanleg. Ta han ut frå kulturinstitusjonane og ut til folk, der dei er.

Han fortel om ein av programpostane på årets program – Rullturiltu. Det føregjekk i skateparken ved Stord kulturhus, i samarbeid



POPULÆRT: Falturiltu-festivalen på Stord samlar både barn og vaksne, kvart år.

Foto: Falturiltu

med den lokale rulleklubben og forfattar Åshild Moldskred.

– Då kan vi plutselig nå enormt med ungdom, som ikkje først og fremst er litteraturinteresserte, seier Kaldestad engasjert.

Føler eigarskap

Falturiltu har gått frå å vere ein lokal festival, til å bli ein festival som er for heile landet. «Verdas største nynorske barnebokfestival», står det på nettsida.

– Det aller kjekkaste er at folk i regionen føler eigarskap til han. Dei møter opp og samarbeider med oss,

og skulane ryddar plass i kalenderen, seier Kaldestad.

Dei lokale bokhandlane – tre stykke på Stord – melder alle om auka sal av nynorskboek etter oppstarten av Falturiltu. Og då særskilt barne- og ungdomsboek, ifølgje Kaldestad.

Gjevande

Etter femten år tykkjer han det framleis er veldig gjevande å bidra til festivalen. Saman med Jane Cathrin Særsten Jünger, Anna R. Folkestad, Hege Myklebust og Trond Leirvik Onarheim snikra han saman pro-

grammet og arrangerte jubileumsfestival tidleg i november.

